

Det er oppdaga skabb på skolen

Barnet ditt er ein del av ein klasse eller eit trinn der eit barn/ein tilsett har fått skabb – eit hudutslett som kjem av skabbmidd. Her får du vite kva skolen gjer for å stoppe smitta, og kva de som foreldre/føresette skal gjere. Hugs at det er inga skam i å få skabb – alle kan få det.

Dette gjer skolen:

- Gjev melding til den som er smitta og hans/hennar nærkontaktar på skolen (sjå definisjon på nærkontakt nedanfor) om å starte behandling så snart som mogleg – og samtidig.
- Vaskar eller frys ned alt av tekstil som blir brukt av råka klassar/trinn på skolen (teppe, hanskar, luer, kosebamsar og lignande)
- Støvsugar sofaar og andre tekstilmøblar i rom der den smitta nyleg har opphalde seg.

Om fleire blir smitta framover, kontaktar skolen kommunelegen for å avklare om fleire på skolen må behandlast. Foreldre og føresette med barn som blir råka av dette, blir i tilfelle kontakta av skolen.

Kva er ein nærkontakt?

Ein nærkontakt er ein person som den smitta har hatt tett hudkontakt med (statistisk sett lenger enn 15 minutt) dei siste 4 vekene, eller som den smitta har delt seng, klede eller handduk med. Familie, vener og tilsette på skolen er døme på nærkontaktar.

Til deg som har eit barn som er nærkontakt

- Gjennomfør behandlinga akkurat slik ho er beskriven (sjå lenkje til eige skriv på neste side), uansett om barnet har symptom eller ikkje.
- Hald barnet heime frå skolen i 24 timar etter at behandlinga er starta. Etter dette er smitta under god nok kontroll til at barnet kan gå på skolen igjen.
- Gjenta same behandling og tiltak etter 7 dagar. Dette er viktig for å sikre at skabben ikkje kjem tilbake hos barnet dersom barnet var smitta.

Til deg som har eit barn som ikkje er nærkontakt

- Følg med på om barnet får symptom i løpet av dei neste 4 vekene.
- Kontakt lege for hjelp og rettleiing dersom det dukkar opp symptom.
- Varsle skolen om barnet får symptom.

Til deg som har eit barn som er smitta

- Sjå til at nærkontaktane til barnet som ikkje går på skolen (til dømes andre vener og familiemedlemmer), får beskjed om at dei er nærkontaktar. Dei bør behandlast for skabb samtidig med barnet ditt – uansett om dei har symptom eller ikkje.
- Skabb forsvinn ikkje av seg sjølv, og skal alltid behandlast. Gjennomfør behandlinga akkurat slik ho er beskriven (sjå lenkje til eige skriv på neste side).
- Hald barnet heime frå skolen i 24 timar etter at behandlinga er starta. Etter dette er smitta under god nok kontroll til at barnet kan gå på skolen igjen.
- Gjenta same behandling og tiltak etter 7 dagar. Dette er viktig for å sikre at skabben ikkje kjem tilbake.

Symptom

- Kraftig kløe (ofte med forverring om natta og ved sveitning)
- Små nuppar eller blemmer i huden (oftast først på hender, deretter på større delar av kroppen som til dømes hender, fingrar, handledd, albogar, midje, lår og ytre kjønnsorgan)
- Paplar på huden (hudforandringar som er lett heva over overflata til huden) og noduli (ein liten, følbart knute i huden under hudoverflata). Noduli på mannlege kjønnsorgan er typisk for skabb og er eit symptom ein bør vere ekstra obs på. Små barn under 3 år får ofte paplar eller noduli i hovudbotnen, på halsen eller under foten.

Det tar vanlegvis opptil 4 veker frå ein får skabb til ein merkar symptom, men om ein har hatt skabb før kan det ta berre 1–3 dagar.

Slik smittar skabb

- Skabb smittar oftast ved hudkontakt som varar i minimum 15 minutt eller lenger. Generelt aukar risikoen for smitte i situasjonar der personar er tett på kvarandre over tid.
- Smitte kan òg skje via handdukar, sengetøy, klede og andre tekstil som den smitta nyleg har brukt.

Behandling mot skabb

Informasjon om aktuelle legemiddel og korleis ein gjennomfører behandling mot skabb ligg på FHI sine nettsider: www.fhi.no/behandling-skabb.